



## Notat

Dato: 29.04.2015  
Arkivsak: 2015/4517-2  
Saksbehandlar: stioise

---

**Til:** Samferdselsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Skyss - beredskapsplan ved vedtak om datokøyning

Hordaland fylkeskommune og Skyss er viktige samarbeidspartar for Bergen kommune i periodar med dårleg luftkvalitet og er representert i Bergen kommune sitt beredskapsråd. Ved varsel om svært dårleg luftkvalitet med sannsynleg varigheit over tre dagar, vil beredskapsrådet vurdere innføring av datokøyning som eit mogleg strakstiltak i området kring Bergen sentrum.

Datokøyning inneber forbod mot all privat bruk av personbilar der registreringsnumre sluttar på partal på datoar som representerer oddetall. Tilsvarande gjeld forbod mot all privat bruk av personbilar der registreringsnumre sluttar på oddetal på datoar som representerer partal (jf. *Midlertidig forskrift om tiltak for å hindre helseskader på grunn av luftforurensning i Bergen kommune § 3*).

Vedtak om datokøyning vil medføre større etterspurnad etter kollektivtransport, og Bergen kommune har bedt om å få presentert Skyss sine konkrete planar for auke av kapasiteten i kollektivtilbodet i periodar med datokøyning.

Skyss har utarbeidd «Beredskapsplan ved vedtak om datokøyning» som er sendt over til Bergen kommune. Planen skisserer aktuelle tiltak som Skyss vil vurdere å setje i verk i periodar med datokøyning. Aktuelle tiltak er tilrådd med utgangspunkt i ei vurdering av kapasiteten i dagens rutetilbod for dei aktuelle ruteområda.

Aktuelle tiltak vil i hovudsak vere å setje inn ekspressbussar mellom regionsentra kring Bergen og Bergen sentrum, samt å auke beteninga av haldeplassar for utvalde regionale busslinjer til/frå sentrum. Avgjerd om å setje i verk tiltak i beredskapsplanen ligg til fylkesrådmann.